

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-B07, TI-&32	21/54

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2021	Formannskapet	PS	04.02.2021

Leiingsressurs i oppvekstområda - Matre, Sandnes og Nordbygda

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jf. oppdrag i formannskapsmøte den 2.11.20, er det er no henta inn oppdaterte opplysningar i saka «Gulenmodellen» og felles valfag. Saka vert lagt fram til vidare drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Handsaming av økonomiplan 2021-24 i Formannskapet 02.11.20:

Oppretthalda 3 oppvekstområde i planperioden, Matre, Sandnes og Nordbygda, alle med heildagsbarnehage og 1-10 skule. Ein har henta inn røynsle frå Gulen sin måte å organisera oppvekst på. Der har ein barnehage og skule under sams leing i kvar krins. Formannskapet ville ha utgreia og talfesta «Gulen sin modell» inklusiv valfag for dei tre oppvekstområda i Masfjorden

Høyring

Saka har undervegs vore drøfta med HTV Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Rektorar og styrarar er kjend med at saka har vore under arbeid og utkastet er framlagt. Det vil vera viktig å leggja opp til ein god fagleg prosess i etterkant av denne med rektorar, styrarar og dei tillitsvalde, sidan prosessen i forkant har vore kort og der er skepsis til organiseringa. Spesielt det barnehagefaglege er viktig å kvalitetsikra. Dette har kome fram i samtalan ein har hatt no kring saka. Det kom fram at den matematiske utrekninga i høve Nordbygda er ok, men at ein og må sjå på eit minstetal for administrasjon på einingane, då oppgåvene er dei same, sjølv om elev og barnetalet går ned. HTV Utdanningsforbundet meiner at dette er eit sparetiltak, meir enn ei kvalitetssikring, og at dei ikkje lovpålagde oppgåvene som MOT og Idrettsskule då må sjåast på fyrst. Fagforbundet uttrykker at tiltaket gjev lite innsparing, og dei meiner at ein må sjå på den totale bemannings situasjonen i kommunen når behova endrar seg t.d å flytta folk frå oppvekst til Helse/omsorg og vurderer heilheita i budsjettet.

Å igangsetja felles valfag i t.d språk i fyrste omgang er Utdanningsforbundet og Fagforbundet positive

til.

Fakta

Saka har på eit tidlegare tidspunkt (2017) vore drøfta. I den samanheng var personar frå Masfjorden på synfaring i Gulen. Saka vart då ikkje ført fram men godt belyst.

Oppvekstleiar har no innhenta informasjon om «Gulenmodellen» gjennom samtalar med to rektorar og Fagdirektør oppvekst i Gulen, for å få eit bilete av kva Gulenmodellen er og kva som var utgangspunktet for den. Gulen har fire oppveksteiningar, der tre har skule/barnehagefunksjon, medan den fjerde eininga har to barnehagar kor den eine ligg ein køyretur unna. Modellen har vore i om lag ni år. Utgangspunktet for denne omorganiseringa var begrunna i det pedagogiske, med å sjå heilheitleg og å få til god flyt gjennom barnet si opplæring, meir enn at det skulle vera ei økonomisk innsparing. Kvar eining har ein leiar og ein nestleiar i tillegg til ein merkantil ressurs. Ein har og eining som har avdelingsleiar i tillegg fordi dette har vore teneleg. Gulen sine einingar er og av ulik storleik, noko som gjer noko av forskjellane der. I teorien vart rektorane omgjort til einingsleiarar og styrarane til nestleiarar. Leiar har personalansvar og budsjett/økonomi ansvar for heile eininga. Nestleiar har andre leiaroppgåver i tillegg til det faglege ansvaret for barnehagebarna. Leiar brukar tid i barnehageavdeling, og nestleiar det same i skuleavdelinga. Den merkantile ressursen vert nytta for heile eininga på ein god måte. Ein utnyttar leiarressursen godt på denne måten. Organiseringa vart gjort gradvis med Byrknes og Brekke fyrst, og dei andre vidare. Eksempelvis har ei eining tilsaman 72 barn med 80% til leiar, 60 % til nestleiar og 29 % til merkantil. Samla 169 %. Ei anna eining har 90 barn 70 % til einingsleiar 30 % til nestleiar og 50 % til merkantil. Samla 150%. Dei leiarane som har vore snakka med uttrykker at dei har eit godt fagmiljø, at det har vore positivt at barnehageavd. kom innunder den merkantile ressursen. Einingane har sin faste ressurs, som dei nyttar fleksibelt. Ein jobbar digitalt og fysisk mellom einingane.

Her er prognosar og tal for dei tre oppvekstområda:

Indre Masfjorden krins

Administrativ ressurs (årsverk)	Pr 21.01.21
Barnehagestyrar	0,50
Rektor	0,78
Inspektør	0,30
Merkantil	0,50
Sum administrativ ressurs	2,08

Barnehage (tal barn)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
0 år	0	0
1 år	1	6
2 år	2	1
3 år	3	2
4 år	5	3
5 år	4	4
Sum barnehagebarn	15	16

Grunnskule (tal elevar)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
1. trinn	6	4
2. trinn	4	6
3. trinn	4	4
4. trinn	5	3
5. trinn	5	5
6. trinn	6	5
7. trinn	2	5
Barnetrinn	32	32
8. trinn	11	2
9. trinn	5	11
10. trinn	3	5
Ungdomstrinn	19	18
Sum elevar i grunnskulen	51	50
Sum barnehagebarn og elevar	66	66

Prognose

Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	0	2	2	2	2
1 år	6	0	2	2	2
2 år	1	6	0	2	2
3 år	2	1	6	0	2
4 år	3	2	1	6	0
5 år	4	3	2	1	6
1. trinn	4	4	3	2	1
2. trinn	6	4	4	3	2
3. trinn	4	6	4	4	3
4. trinn	3	4	6	4	4
5. trinn	5	3	4	6	4
6. trinn	5	5	3	4	6
7. trinn	5	5	5	3	4
8. trinn	2	5	5	5	3
9. trinn	11	2	5	5	5
10. trinn	5	11	2	5	5
Sum	66	63	54	54	51
Barnehagebarn	16	14	13	13	14
Barnetrinnet	32	31	29	26	24
Ungdomstrinnet	18	18	12	15	13
Sum	66	63	54	54	51

Adm.ressurs	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Adm.ressurs inkl merkantil	1,34	1,28	1,10	1,10	1,03
Sum barn	66	63	54	54	51
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning	0,74	0,80	0,98	0,98	1,05

Nordbygda krins

Administrativ ressurs (årsverk)	Pr 21.01.21
Barnehagestyrar	1,00
Rektor	0,90
Inspektør	0,30
Merkantil	0,60
Sum administrativ ressurs	2,80

Barnehage (tal barn)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
0 år	3	2
1 år	4	3
2 år	11	4
3 år	11	11
4 år	8	11
5 år	11	8
Sum barnehagebarn	48	39

Grunnskule (tal elevar)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
1. trinn	7	11
2. trinn	6	7
3. trinn	12	6
4. trinn	16	12
5. trinn	8	16
6. trinn	9	8
7. trinn	10	9
Barnetrinn	68	69
8. trinn	13	10
9. trinn	7	13
10. trinn	4	7
Ungdomstrinn	24	30
Sum elevar i grunnskulen	92	99
Sum barnehagebarn og elevar	140	138

Prognose

Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	2	4	4	4	4
1 år	3	2	4	4	4
2 år	4	3	2	4	4
3 år	11	4	3	2	4
4 år	11	11	4	3	2
5 år	8	11	11	4	3
1. trinn	11	8	11	11	4
2. trinn	7	11	8	11	11
3. trinn	6	7	11	8	11
4. trinn	12	6	7	11	8
5. trinn	16	12	6	7	11
6. trinn	8	16	12	6	7
7. trinn	9	8	16	12	6
8. trinn	10	9	8	16	12
9. trinn	13	10	9	8	16
10. trinn	7	13	10	9	8
Sum	138	135	126	120	115
Barnehagebarn	39	35	28	21	21
Barnetrinnet	69	68	71	66	58
Ungdomstrinnet	30	32	27	33	36
Sum	138	135	126	120	115

Adm.ressurs	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Adm.ressurs inkl merkantil	2,80	2,80	2,56	2,43	2,33
Sum barn	138	135	126	120	115
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,07 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning			0,24	0,37	0,47

Sandnes krins		
Administrativ ressurs (årsverk)		
Pr 21.01.21		
Barnehagestyrar	0,50	
Rektor	0,80	
Inspektør	0,28	
Merkantil	0,50	
Sum administrativ ressurs	2,08	
Barnehage (tal barn)		
Pr 21.01.21		Pr aug.2021
0 år	0	0
1 år	5	7
2 år	6	5
3 år	4	6
4 år	3	4
5 år	1	3
Sum barnehagebarn	19	25
Grunnskule (tal elevar)		
Pr 21.01.21		Pr aug.2021
1. trinn	6	1
2. trinn	7	6
3. trinn	9	7
4. trinn	7	9
5. trinn	4	7
6. trinn	9	4
7. trinn	2	9
Barnetrinn	44	43
8. trinn	1	2
9. trinn	11	1
10. trinn	7	11
Ungdomstrinn	19	14
Sum elevar i grunnskulen	63	57
Sum barnehagebarn og elevar	82	82

Prognose					
Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	0	3	3	3	3
1 år	7	0	3	3	3
2 år	5	7	0	3	3
3 år	6	5	7	0	3
4 år	4	6	5	7	0
5 år	3	4	6	5	7
1. trinn	1	3	4	6	5
2. trinn	6	1	3	4	6
3. trinn	7	6	1	3	4
4. trinn	9	7	6	1	3
5. trinn	7	9	7	6	1
6. trinn	4	7	9	7	6
7. trinn	9	4	7	9	7
8. trinn	2	9	4	7	9
9. trinn	1	2	9	4	7
10. trinn	11	1	2	9	4
Sum	82	74	76	77	71
Barnehagebarn	25	25	24	21	19
Barnetrinnet	43	37	37	36	32
Ungdomstrinnet	14	12	15	20	20
Sum	82	74	76	77	71
Adm.ressurs					
Adm.ressurs inkl merkantil	1,66	1,50	1,54	1,56	1,44
Sum barn	82	74	76	77	71
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning	0,42	0,58	0,54	0,52	0,64

Tek ein utgangspunkt i Nordbygda oppvekstområde sine administrasjonsressursar pr i dag, og samanliknar med tala frå dei andre oppvekstområda, ser ein ei mogeleg omdisponering på 125% stilling tilsaman på Matre og Sandnes frå administrasjon til undervisning. På denne måten har ein sørga for rettferdig fordelt administrasjonsressurs på alle oppvekstområda. Då vil ein ha. 134 % stilling til administrasjon og merkantil på Matre med 66 barn, 158 % stilling til administrasjon og merkantil på Sandnes med 82 barn og 280% stilling inkl merkantil og administrasjonsressurs på Nordbygda med 138 barn 2021-22. Samanlikna med Gulen som har t.d. ei eining med 90 barn og 150% administrasjon/merkantil vil Masfjorden ligga over denne fordelinga.

Alle einingane våre ligg i gåavstand til kvarandre innafor kvart oppvekstområde.

Tilvalsfag 2020-21 3 veketimar: Engelsk fordjuping, tysk ,fransk, arbeidslivsfag.

Valfag 2020-21 2 veketimar : Fysisk aktivitet og helse, programmering, produksjon for scene, fysisk aktivitet og helse.

Vurdering

Kva vil Masfjorden kommune oppnå med å gå inn på ei slik organisering?

Vi ser eit sterkt synkende barnetal i Masfjorden, og prognosane går ned. For å sikre ei bærekraftig drift på einingane våre, og behalde den bestemte strukturen med tre oppvekstområder ser vi at det vil vera nødvendig å gjera nokre grep, for å sikra kompetanse, og for å sikra rekruttering. Dei fleste ønsker å jobba i eit godt fagmiljø. Med berre 12 barn i ein barnehage t.d er det begrensa kva ein kan ha av kompetanse på ei eining. Med å organisera skule og barnehage med ei leing vil ein kunne få til ein god samanheng i opplæringa, ein vil ha høve til å kjenna barnet i dei elles krevande overgangane mellom barnehage og skule, og ein vil kunne nytta personalet på ein god måte.

Med synkende barnetal vert ein og tvungen til å justera leiingsressursen på dei ulike einingane. Ein ser at små adm. Stillingar gjer at ein vert fort bunden opp med arbeid på avdelingane

Sommarope SFO/barnehage: Enda tettare samarbeid når det gjeld sommaropen SFO og barnehage. Ein kan sjå dette som eit tilbod og ei bemanning.

Det har til no vore jamn nedgang i barnetal både i skule og barnehage. For to av barnehagane har ein nedjustert leiarressursen til 50%. Det minste ein kan ha er 30% til leing i ein barnehage.

Masfjorden kommune vil kunna nytta «Gulenmodellen i stor grad, når det gjeld organisering og fordeling av oppgåver. Rektorane som leiar for ei felles eining, og styrarane som nestleiar for eininga i tillegg til felles merkantil ressurs. Oppgåvene fordelt om lag som i Gulen, men med moglegheit for tilpassing etter kompetanse. Leiar får mellom anna personal, budsjett og økonomiansvar og er den som stiller på leiarmøter etc. Nestleiar har fagleg ansvar for barnehagen, i tillegg til avtalte administrative oppgåver. Merkantil beheld sine oppgåver.

Valfag/tilvalsfag: For dei praktiske og estetiske faga vil det vera ei utfordring å ha felles undervisning for dei tre skulane. Språkfaga kan ein tilby frå ein skule, der påmelde elevar frå dei andre skulane deltek i undervisninga via Teams. På den måten kan alle oppvekstområda gje same tilbod om språkfag neste skuleår og evt. programmering.. Dette vil krevja at skuleleiarane samarbeider om tidspunkt etc. for desse faga, og at faga vert planlagd ut frå lærarkompetanse på dei ulike skulane. Ved å tilby språkfag fyrste året, vil ein gjera seg erfaringar, som gjer at ein kan sjå moglegheiter og for andre fag.

Konklusjon

Med utgangspunkt i den situasjonen som er i Masfjorden med synkende innbyggartal, elevtal og barnetal kan ein sikre ei bærekraftig drift på Matre og Sandnes frå og med august 2021 med å ha felles leing for Matre skule og Indre Masfjorden barnehage og Sandnes skule og Sandnes barnehage. Hovedgrunngevinga er det pedagogiske, med å sjå heilheitleg og å få til god flyt gjennom barnet si opplæring, samt trygge drifta i kvart oppvekstområde, meir enn at det skulle vera ei økonomisk innsparing Dette kan ein organisert på følgjande måte: Rektor på Matre skule vert einingsleiar. Styrar i barnehagen vert nestleiar på Matre jfr. «Gulenmodellen». Dette for å ivareta det overordna faglege ansvaret i drifta. Inspektørane får si stilling knytt opp mot meir undervisning, men beheld løn. Adm. Ressurs på 125 %, som utgjer om lag 1,2 mill., kan omdisponerast til undervisning dette sett i samanheng med drifta på Nordbygda som er den mest kostnadseffektive. Undervegsevaluering vert ein viktig del av prosessen. Merkantil stilling i 50 % kan behaldast på Matre og Sandnes. Ressursen kan då nyttast for heile oppvekstområdet.

Ut frå elev og barnetal beheld ein i fyrste omgang den organiseringa som er på Nordbygda, fordi ein her har større fagmiljø, og at ein ikkje ser umiddelbar inntening her. Før skuleåret 2023-24 tek ein dette opp til ny vurdering sett i samanheng med dei erfaringar som er gjort på dei to andre oppvekstområda, og barnetalsutviklinga i Nordbygda.

For skuleåret 2021-22. kan elevane på Matre Sandnes og Nordbygda få moglegheit til undervisning i dei same språkfaga. Ein skule har undervisninga fysisk, elevar frå dei andre to skulane får høve til å delta på Teams.Faga vert planlagd ut frå kompetanse hjå lærarane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Handsaming av økonomiplan 2021-24 i Formannskapet 02.11.20:

Oppretthalda 3 oppvekstområde i planperioden, Matre, Sandnes og Nordbygda, alle med heildagsbarnehage og 1-10 skule. Ein har henta inn røynsle frå Gulen sin måte å organisera oppvekst på. Der har ein barnehage og skule under sams leining i kvar krins. Formannskapet ville ha utgreia og talfesta «Gulen sin modell» inklusiv valfag for dei tre oppvekstområda i Masfjorden

Høyring

Saka har undervegs vore drøfta med HTV Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Rektorar og styrarar er kjend med at saka har vore under arbeid og utkastet er framlagt. Det vil vera viktig å leggja opp til ein god fagleg prosess i etterkant av denne med rektorar, styrarar og dei tillitsvalde, sidan prosessen i forkant har vore kort og der er skepsis til organiseringa. Spesielt det barnehagefaglege er viktig å kvalitetssikra. Dette har kome fram i samtalan ein har hatt no kring saka. Det kom fram at den matematiske utrekninga i høve Nordbygda er ok, men at ein og må sjå på eit minstetal for administrasjon på einingane, då oppgåvene er dei same, sjølv om elev og barnetalet går ned. HTV Utdanningsforbundet meiner at dette er eit sparetiltak, meir enn ei kvalitetssikring, og at dei ikkje lovpålagde oppgåvene som MOT og Idrettskule då må sjåast på fyrst. Fagforbundet uttrykker at tiltaket gjev lite innsparing, og dei meiner at ein må sjå på den totale bemannings situasjonen i kommunen når behova endrar seg t.d å flytta folk frå oppvekst til Helse/omsorg og vurderer heilheita i budsjettet.

Å igangsetja felles valfag i t.d språk i fyrste omgang er Utdanningsforbundet og Fagforbundet positive til.

Fakta

Saka har på eit tidlegare tidspunkt (2017) vore drøfta. I den samanheng var personar frå Masfjorden på synfaring i Gulen. Saka vart då ikkje ført fram men godt belyst.

Oppvekstleiar har no innhenta informasjon om «Gulenmodellen» gjennom samtalar med to rektorar og Fagdirektør oppvekst i Gulen, for å få eit bilete av kva Gulenmodellen er og kva som var utgangspunktet for den. Gulen har fire oppveksteiningar, der tre har skule/barnehagefunksjon, medan den fjerde eininga har to barnehagar kor den eine ligg ein køyretur unna. Modellen har vore i om lag ni år. Utgangspunktet for denne omorganiseringa var begrunna i det pedagogiske, med å sjå heilheitleg og å få til god flyt gjennom barnet si opplæring, meir enn at det skulle vera ei økonomisk innsparing. Kvar eining har ein leiar og ein nestleiar i tillegg til ein merkantil ressurs. Ein har og eining som har avdelingsleiar i tillegg fordi dette har vore teneleg. Gulen sine einingar er og av ulik storleik, noko som gjer noko av forskjellane der. I teorien vart rektorane omgjort til einingsleiarar og styrarane til nestleiarar. Leiar har personalansvar og budsjett/økonomi ansvar for heile eininga. Nestleiar har

andre leiaroppgåver i tillegg til det faglege ansvaret for barnehagebarna. Leiar brukar tid i barnehageavdeling, og nestleiar det same i skuleavdelinga. Den merkantile ressursen vert nytta for heile eininga på ein god måte. Ein utnyttar leiarressursen godt på denne måten. Organiseringa vart gjort gradvis med Byrknes og Brekke fyrst, og dei andre vidare. Eksempelvis har ei eining tilsaman 72 barn med 80% til leiar, 60 % til nestleiar og 29 % til merkantil. Samla 169 %. Ei anna eining har 90 barn 70 % til einingsleiar 30 % til nestleiar og 50 % til merkantil. Samla 150%. Dei leiarane som har vore snakka med uttrykker at dei har eit godt fagmiljø, at det har vore positivt at barnehageavd. kom innunder den merkantile ressursen. Einingane har sin faste ressurs, som dei nyttar fleksibelt. Ein jobbar digitalt og fysisk mellom einingane.

Her er prognosar og tal for dei tre oppvekstområda:

Indre Masfjorden krins			
Administrativ ressurs (årsverk)			
	Pr 21.01.21		
Barnehagestyrar	0,50		
Rektor	0,78		
Inspektør	0,30		
Merkantil	0,50		
Sum administrativ ressurs	2,08		
Barnehage (tal barn)			
	Pr 21.01.21	Pr aug.2021	
0 år	0	0	
1 år	1	6	
2 år	2	1	
3 år	3	2	
4 år	5	3	
5 år	4	4	
Sum barnehagebarn	15	16	
Grunnskule (tal elevar)			
	Pr 21.01.21	Pr aug.2021	
1. trinn	6	4	
2. trinn	4	6	
3. trinn	4	4	
4. trinn	5	3	
5. trinn	5	5	
6. trinn	6	5	
7. trinn	2	5	
Barnetrinn	32	32	
8. trinn	11	2	
9. trinn	5	11	
10. trinn	3	5	
Ungdomstrinn	19	18	
Sum elevar i grunnskulen	51	50	
Sum barnehagebarn og elevar	66	66	

Prognose					
Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	0	2	2	2	2
1 år	6	0	2	2	2
2 år	1	6	0	2	2
3 år	2	1	6	0	2
4 år	3	2	1	6	0
5 år	4	3	2	1	6
1. trinn	4	4	3	2	1
2. trinn	6	4	4	3	2
3. trinn	4	6	4	4	3
4. trinn	3	4	6	4	4
5. trinn	5	3	4	6	4
6. trinn	5	5	3	4	6
7. trinn	5	5	5	3	4
8. trinn	2	5	5	5	3
9. trinn	11	2	5	5	5
10. trinn	5	11	2	5	5
Sum	66	63	54	54	51
Barnehagebarn	16	14	13	13	14
Barnetrinnet	32	31	29	26	24
Ungdomstrinnet	18	18	12	15	13
Sum	66	63	54	54	51
Adm.ressurs					
	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Adm.ressurs inkl merkantil	1,34	1,28	1,10	1,10	1,03
Sum barn	66	63	54	54	51
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning	0,74	0,80	0,98	0,98	1,05

Nordbygda krins

Administrativ ressurs (årsverk)	Pr 21.01.21
Barnehagestyrar	1,00
Rektor	0,90
Inspektør	0,30
Merkantil	0,60
Sum administrativ ressurs	2,80

Barnehage (tal barn)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
0 år	3	2
1 år	4	3
2 år	11	4
3 år	11	11
4 år	8	11
5 år	11	8
Sum barnehagebarn	48	39

Grunnskule (tal elevar)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
1. trinn	7	11
2. trinn	6	7
3. trinn	12	6
4. trinn	16	12
5. trinn	8	16
6. trinn	9	8
7. trinn	10	9
Barnetrinn	68	69
8. trinn	13	10
9. trinn	7	13
10. trinn	4	7
Ungdomstrinn	24	30
Sum elevar i grunnskulen	92	99
Sum barnehagebarn og elevar	140	138

Prognose

Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	2	4	4	4	4
1 år	3	2	4	4	4
2 år	4	3	2	4	4
3 år	11	4	3	2	4
4 år	11	11	4	3	2
5 år	8	11	11	4	3
1. trinn	11	8	11	11	4
2. trinn	7	11	8	11	11
3. trinn	6	7	11	8	11
4. trinn	12	6	7	11	8
5. trinn	16	12	6	7	11
6. trinn	8	16	12	6	7
7. trinn	9	8	16	12	6
8. trinn	10	9	8	16	12
9. trinn	13	10	9	8	16
10. trinn	7	13	10	9	8
Sum	138	135	126	120	115
Barnehagebarn	39	35	28	21	21
Barnetrinnet	69	68	71	66	58
Ungdomstrinnet	30	32	27	33	36
Sum	138	135	126	120	115

Adm.ressurs	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Adm.ressurs inkl merkantil	2,80	2,80	2,56	2,43	2,33
Sum barn	138	135	126	120	115
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,07 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning			0,24	0,37	0,47

Sandnes krins		
Administrativ ressurs (årsverk)	Pr 21.01.21	
Barnehagestyrar	0,50	
Rektor	0,80	
Inspektør	0,28	
Merkantil	0,50	
Sum administrativ ressurs	2,08	
Barnehage (tal barn)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
0 år	0	0
1 år	5	7
2 år	6	5
3 år	4	6
4 år	3	4
5 år	1	3
Sum barnehagebarn	19	25
Grunnskule (tal elevar)	Pr 21.01.21	Pr aug.2021
1. trinn	6	1
2. trinn	7	6
3. trinn	9	7
4. trinn	7	9
5. trinn	4	7
6. trinn	9	4
7. trinn	2	9
Barnetrinn	44	43
8. trinn	1	2
9. trinn	11	1
10. trinn	7	11
Ungdomstrinn	19	14
Sum elevar i grunnskulen	63	57
Sum barnehagebarn og elevar	82	82

Prognose					
Barn	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
0 år	0	3	3	3	3
1 år	7	0	3	3	3
2 år	5	7	0	3	3
3 år	6	5	7	0	3
4 år	4	6	5	7	0
5 år	3	4	6	5	7
1. trinn	1	3	4	6	5
2. trinn	6	1	3	4	6
3. trinn	7	6	1	3	4
4. trinn	9	7	6	1	3
5. trinn	7	9	7	6	1
6. trinn	4	7	9	7	6
7. trinn	9	4	7	9	7
8. trinn	2	9	4	7	9
9. trinn	1	2	9	4	7
10. trinn	11	1	2	9	4
Sum	82	74	76	77	71
Barnehagebarn	25	25	24	21	19
Barnetrinnet	43	37	37	36	32
Ungdomstrinnet	14	12	15	20	20
Sum	82	74	76	77	71
Adm.ressurs	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Adm.ressurs inkl merkantil	1,66	1,50	1,54	1,56	1,44
Sum barn	82	74	76	77	71
Adm.res inkl merkantil/barn	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %	2,03 %
Frå adm til undervisning	0,42	0,58	0,54	0,52	0,64

Tek ein utgangspunkt i Nordbygda oppvekstområde sine administrasjonsressursar pr i dag, og samanliknar med tala frå dei andre oppvekstområda, ser ein ei mogeleg omdisponering på 125% stilling tilsaman på Matre og Sandnes frå administrasjon til undervisning. På denne måten har ein sørge for rettferdig fordelt administrasjonsressurs på alle oppvekstområda. Då vil ein ha 134% stilling til administrasjon og merkantil på Matre med 66 barn, 158% stilling til administrasjon og merkantil på Sandnes med 82 barn og 280% stilling inkl merkantil og administrasjonsressurs på Nordbygda med 138 barn 2021-22. Samanlikna med Gulen som har t.d. ei eining med 90 barn og 150% administrasjon/merkantil vil Masfjorden ligga over denne fordelinga.

Alle einingane våre ligg i gåavstand til kvarandre innafor kvart oppvekstområde.

Tilvalsfag 2020-21 3 veketimar: Engelsk fordjuping, tysk, fransk, arbeidslivsfag.

Valfag 2020-21 2 veketimar: Fysisk aktivitet og helse, programmering, produksjon for scene, fysisk aktivitet og helse.

Vurdering

Kva vil Masfjorden kommune oppnå med å gå inn på ei slik organisering?

Vi ser eit sterkt synkende barnetal i Masfjorden, og prognosane går ned. For å sikre ei bærekraftig drift på einingane våre, og behalde den bestemte strukturen med tre oppvekstområder ser vi at det vil vera nødvendig å gjera nokre grep, for å sikra kompetanse, og for å sikra rekruttering. Dei fleste ønsker å jobba i eit godt fagmiljø. Med berre 12 barn i ein barnehage t.d er det begrensa kva ein kan ha av kompetanse på ei eining. Med å organisera skule og barnehage med ei leiing vil ein kunne få til ein god samanheng i opplæringa, ein vil ha høve til å kjenna barnet i dei elles krevande overgangane mellom barnehage og skule, og ein vil kunne nytta personalet på ein god måte.

Med synkende barnetal vert ein og tvungen til å justera leiingsressursen på dei ulike einingane. Ein ser at små adm. Stillingar gjer at ein vert fort bunden opp med arbeid på avdelingane

Sommarope SFO/barnehage: Enda tettare samarbeid når det gjeld sommaropen SFO og barnehage. Ein kan sjå dette som eit tilbod og ei bemanning.

Det har til no vore jamn nedgang i barnetal både i skule og barnehage. For to av barnehagane har ein nedjustert leiarressursen til 50%. Det minste ein kan ha er 30% til leiing i ein barnehage.

Masfjorden kommune vil kunna nytta «Gulenmodellen i stor grad, når det gjeld organisering og fordeling av oppgåver. Rektorane som leiar for ei felles eining, og styrarane som nestleiar for eininga i tillegg til felles merkantil ressurs. Oppgåvene fordelt om lag som i Gulen, men med moglegheit for tilpassing etter kompetanse. Leiar får mellom anna personal, budsjett og økonomiansvar og er den som stiller på leiarmøter etc. Nestleiar har fagleg ansvar for barnehagen, i tillegg til avtalte administrative oppgåver. Merkantil beheld sine oppgåver.

Valfag/tilvalsfag: For dei praktiske og estetiske faga vil det vera ei utfordring å ha felles undervisning for dei tre skulane. Språkfaga kan ein tilby frå ein skule, der påmelde elevar frå dei andre skulane deltek i undervisninga via Teams. På den måten kan alle oppvekstområda gje same tilbod om språkfag neste skuleår og evt. programmering.. Dette vil krevja at skuleleiarane samarbeider om tidspunkt etc. for desse faga, og at faga vert planlagd ut frå lærarkompetanse på dei ulike skulane. Ved å tilby språkfag fyrste året, vil ein gjera seg erfaringar, som gjer at ein kan sjå moglegheiter og for andre fag.

Konklusjon

Med utgangspunkt i den situasjonen som er i Masfjorden med synkende innbyggartal, elevtal og barnetal kan ein sikre ei bærekraftig drift på Matre og Sandnes frå og med august 2021 med å ha felles leiing for Matre skule og Indre Masfjorden barnehage og Sandnes skule og Sandnes barnehage. Hovedgrunngevinga er det pedagogiske, med å sjå heilheitleg og å få til god flyt gjennom barnet si opplæring, samt trygge drifta i kvart oppvekstområde, meir enn at det skulle vera ei økonomisk innsparing Dette kan ein organisert på følgjande måte: Rektor på Matre skule vert einingsleiar. Styrar i barnehagen vert nestleiar på Matre jfr. «Gulenmodellen». Dette for å ivareta det overordna faglege ansvaret i drifta. Inspektørane får si stilling knytt opp mot meir undervisning, men beheld løn. Adm. Ressurs på 125 %, som utgjer om lag 1,2 mill., kan omdisponerast til undervisning dette sett i samanheng med drifta på Nordbygda som er den mest kostnadseffektive. Undervegsevaluering vert ein viktig del av prosessen. Merkantil stilling i 50 % kan behaldast på Matre og Sandnes. Ressursen kan då nyttast for heile oppvekstområdet.

Ut frå elev og barnetal beheld ein i fyrste omgang den organiseringa som er på Nordbygda, fordi ein her har større fagmiljø, og at ein ikkje ser umiddelbar inntening her. Før skuleåret 2023-24 tek ein dette opp til ny vurdering sett i samanheng med dei erfaringar som er gjort på dei to andre oppvekstområda, og barnetalsutviklinga i Nordbygda.

For skuleåret 2021-22. kan elevane på Matre Sandnes og Nordbygda få moglegheit til undervisning i dei same språkfaga. Ein skule har undervisninga fysisk, elevar frå dei andre to skulane får høve til å delta på Teams.Faga vert planlagd ut frå kompetanse hjå lærarane.

Formannskapet - 009/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkesen (Ap) ba om at følgjande vart protokellert som innspel frå Masfjorden Ap og Masfjorden KrF:

Etter tilbakemeldingar frå fagforeiningane innan skule- og oppvekst, meiner vi at prosessen med å involvere dei tilsette òg dei aktuelle leiarane i ein slik omorganiseringsprosess, må gjerast betre. Å innføre ei ny organisering frå august 2021, er alt for tidleg og i liten grad av påverking for dei det gjeld. Og det gjeld heile kollegiet i både skulane og barnehagane. Me må òg sikre oss at prosessen vert så god, og at den er ynskja, slik at det ikkje går ut over viktige utviklingsoppgåver i skule og barnehage, slik som nye læreplanar, dysleksivennleg skule og førebygging av mobbing.

Ein er også no i prosess med tilsetning av lærarar og assistentast for neste skule- og barnehageår. Tidspunktet dette vert gjort på er derfor også viktig. No har me ro i stillingane av rektorar og styrarar, og administrasjonen må ha dialog med dei det gjeld, om eit slikt tiltak er fornuftig i oppvekstområda i Masfjorden, eller om det er andre gode forslag på sparetiltak, permanent eller mellombels. I tillegg må ein ha grunndig utgreiing av forslaget, både økonomisk og fagleg. Det vil seie at dersom Gulen-modellen skal eveluerast, ja, så er det naturleg at me venter til den ligg føre. I tillegg så ville det vore naturleg å ha sett ned ei arbeidsgruppe for dei det gjeld, der ny mogleg organisering kan diskuterast fram, og finne gode løysingar.

Ordninga med valfag, bør kunne gjennomførast som prøveprosjekt for så å evaluerast, men må sjølvstøtt gjerast med støttelærarar for dei som har digital undervisning.

Masfjorden har svært gode grunnskulepoeng, og det må ein arbeide med for å oppretthalde.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møte:

Formannskapet ber om at administrasjonen jobbar vidare med saka for betre utgreiing og involvering av dei tilsette i skule og barnehage. Dette for å sjå kva tiltak, organisatorisk i og mellom oppvekstområda, som er mogleg. Dette må ikkje gå på ut over den kvaliteten me har i skule og barnehage i dag.

Framlegg til vedtak jobba fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet ber om at administrasjonen jobbar vidare med saka for betre utgreiing og involvering av dei tilsette i skule og barnehage. Dette for å sjå kva tiltak, organisatorisk i og mellom oppvekstområda, som er mogleg. Dette må ikkje gå på ut over den kvaliteten me har i skule og barnehage i dag.

